

Volda KrF

Politisk program 2019-2023



Verdigrunnlag

KrF bygger politikken sin på den kristlegdemokratiske ideologien. Vårt verdigrunnlag er henta frå Bibelen, den kristne kulturarven og grunnleggjande menneskerettar og har forankringa si i det kristne menneskesynet, nestekjærleiken og forvaltaransvaret.

Ny kommune

Frå 01.01.2020 vert Hornindal kommune og Volda kommune slått saman til ei kommune. Bjørke og Viddal vert i tillegg som resultat av grensejustering overført frå Ørsta kommune til den nye kommunen. Kommunenamnet skal vere Volda.

Volda KrF går inn for:

- Barnehage, grunnskule, helse- og omsorgstilbod, brannstasjon og bibliotek på Grodås skal oppretthaldast.
- Landbruket og dei rike kulturtradisjonane i Hornindal skal verdsettast.
- Den nye kommunen vil i godt samarbeid med Ørsta vere ein medspelar for vidare utvikling av potensialet for turisme i Hjørundfjorden.
- Vi skal vere ein god samarbeidspart med dei andre eigarkommunane i Tussa Kraft

Oppvekst og utdanning

Volda KrF går inn for:

- Ny ungdomsskule i Volda sentrum
- Nytt symjeanlegg i Volda sentrum
- Barnehagar og skular i skal vere forankra i det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Gjennom KRLE-faget sikre kjennskap til vår kristne kultur- og verdiarv
- Tilby skulegudstenester for alle elevane i grunnskulen
- Aktiv handling og nulltoleranse for mobbing
- Sikre gjennomføring av nasjonal bemanningsnorm i barnehagar og skular
- Eit mangfald av små og store barnehagar i kommunen
- Leirskule for alle elevar i løpet av grunnskulen
- Styrke skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom
- God samhandling mellom skule og spesialpedagogisk teneste
- Styrke samarbeidet mellom interkommunalt- og statleg barnevern

Omsorg og helse

Volda KrF går inn for:

- Volda sjukehus som lokalsjukehus med akuttkirurgisk tilbod og fødeavdeling
- Oppretthalde og utvikle Mork rehabiliteringssenter
- Renovering og utviding av Volda legesenter
- Utvikle det interkommunale legevakttilbodet
- Styrke det førebyggjande helsearbeidet
- Innføre eldrereforma "Leve heile livet"
- Styrke bemanning i heimetenestene slik at hjelpetrengande kan bu lenger heime
- Tilrettelagde bustader og institusjonsplassar for ulike brukargrupper
- Velferdsteknologi som støttar opp om gode helse- og omsorgstenester

Politisk program 2019-2023

- Auke kapasiteten på korttids plassar ved omsorgsinstitusjonane
- Reduksjon av uønska deltid i omsorgsyrka
- Utvikle dei tilsette sin kompetanse
- Styrke bemanningsressursen innan rus og psykiatri
- Oppretthalde Styrk-arbeid

Ruspolitikk

Volda KrF går inn for:

- Auka satsing på førebyggjande arbeid i samarbeid med føresette, helsestasjon, skule, politi og frivillig arbeid
- Støtte opp om rusfrie tiltak spesielt for born og unge
- Redusere tilgang på alkohol gjennom god kontroll, restriktiv sals- og skjenkepraksis

Frivillig arbeid, idrett og kultur

Volda KrF går inn for:

- Aktiv støtte og nært samarbeid med idretten, frivillige lag og organisasjonar
- Nytt symjeanlegg i tilknytning til Volda Campus Arena
- Framtidig kulturanlegg i Volda sentrum
- Alle born og unge mellom 6 og 18 år skal få eit fritidskort for å betale for fritidsaktivitetar
- Gjenopprette Botnasanden som offentleg bade plass
- Oppretthalde Volda kommune sin frivilligpris og kulturpris

Samferdsel

Volda KrF går inn for:

- Framskunde E39 med tunnel mellom Volda sentrum og Furene
- Utbetring av noverande E39 gjennom Volda sentrum
- Framtidig brusamband over Voldsfjorden og Dalsfjorden
- Utbetring av fylkesveg 60 Grodås-Hellesylt
- Samanhengande gang- og sykkelveg mellom Volda og Ørsta
- Oppretthalde Ørsta trafikkstasjon i Hovdebygda
- Rassikring av fylkesveg 40 rundt Dalsfjorden
- Arbeide for utvikling av Ørsta/Volda lufthamn Hovden og for auka kapasitet på flyruter til Oslo og Bergen, samt etablere flysamband til Trondheim
- Realisering av Torvmyrvegen og betre kollektivtilbod til flyplassen
- At ekspressbussrute mellom Volda-Kristiansund vert oppretthalden som før og arbeide for å få forlenga den til Stryn
- Styrke kollektivtilbodet gjennom Eiksundsambandet
- Styrke ringrutetilbodet (buss) til nye bustadområde i Volda sentrum

Offentlege institusjonar

Volda KrF går inn for:

Arbeide aktivt for å sikre og utvikle statlege og fylkeskommunale institusjonar som medverkar til at Volda er eit regionsenter. Desse er:

Volda KrF

Politisk program 2019-2023



Volda sjukehus, Søre Sunnmøre tingrett, Høgskulen i Volda, Ørsta Volda lufthamn, Volda vidaregåande skule og Ørsta trafikkstasjon

Næringsutvikling og busetnad

Volda KrF går inn for:

- Planmessig fornying av Volda sentrum til eit attraktivt område for busetnad, næring og service
- Utvikle næringsareal på Rotset og i Furene
- Etablere Kunnskapsparken ved Høgskulen
- Sikre god dialog mellom sentrale næringslivsaktørar og kommunen
- Bygge ut øvre sambindingsveg Håmyra -Storgata
- Realisere godkjende planar med bustadutbygging i Urbakkfoten og Bratteberg
- Sikre god fordeling mellom konsentrert utbygging og einebustadar
- Spreidd busetnad og bustadbygging i heile kommunen

Landbruk

Volda KrF går inn for:

- Vere ein konstruktiv støttespelar for landbruk og skogbruk i heile kommunen
- Sikre forsvarleg jordvern

Miljø- og resursforvaltning

Volda KrF går inn for:

- Miljøperspektivet skal stå sentralt i kommunal planlegging og innkjøp
- Fleire hurtigladepunkt for el-bilar
- Fleire einingar i kommunen skal sertifiserast som miljøfyrtårn
- Motivere til at fleire kan gå eller sykle til jobb
- Volda som plastfri kommune
- Kunstgrasbaner utan gummigranulat
- Auke gjenvinningsgraden gjennom returoordningane til Volda og Ørsta Reinhaldsverk
- Vere ein aktiv eigar av Tussa og legge til rette for utvikling av fornybar energi

Innovasjon og utvikling

Volda KrF går inn for:

- Oppretthalde Volda kommune sin innovasjonspris
- Stimulere til nytenking, utvikling og forbetring i alle sektorar
- Betre tilgjengelege tenester og tilbod gjennom digitale løysingar
- Velferdsteknologi som støttar opp om gode helse- og omsorgstenester

Kommunesamarbeid

Volda og Ørsta KrF går inn for:

- Volda sjukehus som lokalsjukehus med akuttkirurgisk tilbod og fødeavdeling
- Oppretthalde og utvikle Mork Rehabiliteringssenter
- Utvikle det interkommunale legevakttilbodet
- Fram til eventuell kommunesamanslåing ynskjer vi å halde fram det gode samarbeidet mellom Volda og Ørsta om fellesløysingar og tenestetilbod

Politisk program 2019-2023

- Framskunding av E39 med tunnel mellom Volda sentrum og Furene
- Ørstafjordkryssing som framtidig vidareføring av E39
- Utvikling av Ørsta/Volda Lufthavn Hovden og for auka kapasitet på flyruter til Oslo og Bergen, samt etablere flysamband til Trondheim
- Realisering av samanhengande gang- og sykkelveg mellom Ørsta og Volda
- At ekspressbussruta mellom Volda-Kristiansund vert oppretthalden som før og arbeide for å forlenga den til Stryn
- Styrking av kollektivtilbodet gjennom Eiksundsambandet
- Utbetring av fylkesveg 60 Grodås-Hellesylt
- Vidare utvikling av Volda vidaregåande skule og ny vidaregåande skule i Ørsta
- Vidareføre samarbeid om Fairtrade